



Arkivnr: 2017/3718-1

Saksbehandlar: Elisabeth Bjørsvik, David Aasen Sandved

Saksframlegg

Saksgang

Utval for kultur, idrett og regional utvikling	16.05.2017
Fylkesutvalet	23.05.2017
Fylkestinget	23.05.2017

Museum Vest og Bergens Sjøfartsmuseum. Intensjonsavtale om konsolidering

Samandrag

Saka gjeld intensjonsavtalen mellom Museum Vest og Bergens Sjøfartsmuseum om konsolidering av dei to institusjonane frå 1. januar 2018. Prosessen dei to institusjonane er i gong med, er ei vidareføring av den nasjonale museumsreforma på 2000-talet. Målet var administrative og faglege gevinstar gjennom samanslåing av museum som var på dei statlege og fylkeskommunale budsjettet. I Hordaland vart 35 museum slått saman til ni konsoliderte museum: Museum Vest, Bergens Sjøfartsmuseum, Hardanger og Voss museum, Museumssenteret i Hordaland, KODE-Kunstmuseene i Bergen, Norsk Vasskraft- og Industriadmuseum, Baroniet Rosendal, Bymuseet i Bergen og Sunnhordland museum. Seinare er Olav H. Hauge-senteret kome med som eit konsolidert museum under Nynorsk Kultursentrums.

I St.meld. nr. 49 (2008–2009) *Framtidas museum* vart resultata av den nasjonale reformprosessen omtalt slik: *"Det er gjennomført en betydelig strukturreform gjennom konsolidering av mindre museer til større museumsenheter. Selv om det videre arbeidet vil ha hovedvekt på faglig utvikling og kvalitet, ser departementet positivt på en ytterligere konsolidering i de regionene hvor det er hensiktsmessig."*

Hordaland har mange konsoliderte einingar samanlikna med andre fylke. I utkast til Regional plan for museum 2011-2015 «Musea i samfunnet» gjorde fylkesrådmannen framlegg om samanslåing av Museum Vest og Bergens Sjøfartsmuseum til eit samla museum for kyst og hav. Forslaget vann ikkje fram i den politiske prosessen. Konklusjon var at ytterlegare konsolidering i Hordaland er ynskjeleg, men at slike initiativ må kome frå institusjonane sjølv.

Slik fylkesrådmannen no vurderer det er ei konsolidering mellom Museum Vest og Bergens Sjøfartsmuseum i tråd med gjeldande museumspolitikk. Initiativet kjem frå institusjonane, og prosessen har forankring blant dei tilsette og styra. Kulturdepartementet, Kulturrådet, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune, er godt orientert om saka. Musea har utarbeidd eit felles strategi- og målsettingsdokument for kva eit nytt konsoliderte museet skal vere. Samarbeid med næringsliv og forskingsinstitusjonar knytt til den marine næringsklynga på Vestlandet er ein hovudpillar. «*Et hav av omstillingar*» viser korleis ressursane langs kysten og i havet har gitt moglegheiter og nye retningar for næringsutviklinga på Vestlandet.

Eit overordna mål i den nasjonale museumsreforma var faglege og administrative stordriftsfordelar. Dette er også hovudårsak til at Museum Vest og Bergens Sjøfartsmuseum no finn tida mogen for ei samanslåing. Tematisk utfyller dei to institusjonane kvarandre og saman har dei ambisjonar om å bli eit nasjonalt

museumstyngdepunkt innan kystkultur og hav. Bergens Sjøfartsmuseum opplever seg sjølv som ein liten institusjon som ikkje har ein driftsøkonomi med rom for vekst og utvikling.

Prosentvis fordeling av det statlege og fylkeskommunale/kommunale driftstilskot til dei konsoliderte musea i Norge, viser store forskjellar. For Museum Vest var i 2015 det statlege bidraget på 34 prosent, for Bergens Sjøfartsmuseum på 43 prosent. Før den nasjonale museumsreforma var ei fordeling 60 prosent stat og 40 prosent fylke/kommune eit utgangspunkt for tildeling. Ei konsolidering mellom Museum Vest og Bergens Sjøfartsmuseum inneber forventing om auke i den statlege tildelinga på 6 mill. kr. Prosessen legg også opp til auke i dei fylkeskommunale løvingane på 2 mill. kr. og frå Bergen kommune 2 mill. kr. Konsolidering gir såleis eit løft for museumsfeltet i Hordaland på fleire område: Økonomisk gjennom auke i offentlege tilskot og fagleg og administrativt ved at ein no samlar det museumsfaglege miljøet som har kysten og havet sine ressursar som tema. Ei slik satsing vil også skape forventingar frå samfunnet rundt, som til dømes å ta eit meir heilskapleg ansvar for samlingsforvalting, forsking og formidling av kystkulturen sin kulturarv i dialog med lokalsamfunn, forvalting og næringsliv.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tek intensjonsavtalen om konsolidering mellom Museum Vest og Bergens Sjøfartsmuseum til vitande.
2. Fylkestinget er positiv til tingingane mellom Museum Vest og Bergens Sjøfartsmuseum, og meiner at samanslåinga vil gje eit sterkare museumsfagleg fokus på Vestlandet si historie knytt til kyst og hav, og er eit viktig bidrag i den nasjonale satsinga på den marine næringsklynga.
3. Fylkestinget vil ta avtalen mellom institusjonane opp til handsaming når denne ligg føre hausten 2017.
4. Ei konsolidering mellom Museum Vest og Bergens Sjøfartsmuseum inneber ei forventing om auke i årleg tilskot til den konsoliderte eininga på 2 mill. kr. frå fylkeskommunen. Fylkestinget viser til at ei avkláring om driftstilskot vert å kome attende til i budsjettihandsaming og vedtak om budsjett 2018 i Fylkestinget i desember.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 28.04.2017

Den nasjonale prosessen

Kultur- og kyrkjedepartementet lanserte ei omfattande museumsreform i stortingsmelding nr. 22 (1999–2000) *Kjelder til kunnskap og oppleving*, den såkalla ABM-meldinga. Hovudtiltaket i meldinga var forslaget om ein ny struktur av museumslandskapet. Målet var at kvart fylke hadde eit mindre tal museum med ein så sterkt fagleg og økonomisk plattform at dei kunne inngå i eit nasjonalt museumsnettverk. Arbeidet med reforma kom i gang i 2001.

St.meld. nr. 49 (2008–2009) *Framtidas museum* meldte dette om situasjonen nasjonalt: "Det er gjennomført en betydelig strukturreform gjennom konsolidering av mindre museer til større museumsenheter. Selv om det videre arbeidet vil ha hovedvekt på faglig utvikling og kvalitet, ser departementet positivt på en ytterligere konsolidering i de regionene hvor det er hensiktsmessig." Når departementet oppmuntrar til vidare konsolidering i enkelte regionar, er Hordaland eitt av dei fylka ein peiker på.

Synspunktet om ytterlegare konsolideringar er synleg i Prop. 1 S (2016 – 2017): «I enkelte deler av landet er det ønskelig å få iverksatt ytterligare konsolideringar for å oppnå mer bærekraftige institusjoner.»

Den regionale situasjonen

I samanheng med museumsreforma, lanserte *Museumsplanen 2003-2008* ein ny museumsstruktur for Hordaland. Resultatet vart ni konsoliderte museum: Baroniet Rosendal, Bergens Sjøfartsmuseum, Bymuseet i Bergen, Museumssenteret i Hordaland, KODE-Kunstmuseene i Bergen, Hardanger og Voss museum, Sunnhordland museum, Museum Vest, Norsk Vasskraft- og Industriadmuseum. Seinare er Olav H. Hauge-senteret kome med som eit konsolidert museum under Nynorsk Kultursentrums.

Då saka om den regionale museumsplanen 2011-2015 «Musea i samfunnet» vart handsama i Fylkestinget i juni 2011, vart følgjande kommentert om kystkulturen:

«Kyst og hav er ein sentral dimensjon ved Noreg, og kystkulturen er eit av dei mest markante trekka ved Hordaland, samtidig som det også har ein internasjonal karakter. Det er vedteken politikk i Hordaland fylkeskommune at arbeid med kystkultur og fartøyvern skal prioriterast. Museum Vest har i dag nasjonalt nettverksansvar for fagområdet fiskeri og kystkultur, og har slik ei sentral nasjonal rolle. Mange av musea i fylket arbeider med temaet kystkultur og maritime næringar. Dette fagfeltet skal styrkast i den fylkeskommunale museumspolitikken, og dette må følgjast opp av kommunar og staten. Musea i Hordaland skal ha ei klar leiarrolle nasjonalt når det gjeld dokumentasjon, formidling og forsking på kystkultur, maritim industriutvikling og fartøyvern.»

I diskusjonane om moglege konsolideringar var det lenge eit forslag om eit museum for Kyst og Hav med Museum Vest og Bergens Sjøfartsmuseum som utgangspunkt. Eit slikt forslag hadde ikkje god nok forankring, og vart såleis ikkje realisert. Regional plan for museum 2011-2015 legg opp til vidare konsolideringar, men initiativet må kome frå institusjonane sjølve. Når Fylkesrådmannen no har motteke intensjonsavtale om konsolidering mellom Museum Vest og Bergens Sjøfartsmuseum, så er dette nettopp resultat av en slik prosess, og dermed i overeinskomst med etablert og gjeldande museumspolitikk i Hordaland.

Kulturdepartementet, Kulturrådet, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune, er godt orientert om saka. Musea har utarbeidd eit felles strategi- og målsettingsdokument for kva eit nytt konsoliderte museet skal vere. Samarbeid med næringsliv og forskingsinstitusjonar knytt til den marine næringsklynga er ein hovudpilar. «*Et hav av omstillingar*» viser korleis ressursane langs kysten og i havet har gitt moglegheiter og nye retningar for næringsutviklinga på Vestlandet.

Eit overordna mål i den nasjonale museumsreforma var faglege og administrative stordriftsfordelar. Dette er også hovudårsak til at Museum Vest og Bergens Sjøfartsmuseum no finn tida mogen for ei samanslåing. Tematisk utfyller dei to institusjonane kvarandre og saman har dei ambisjonar om å bli eit nasjonalt museumstyngdepunkt innan kystkultur og hav.

Tabellen under gir nøkkelinformasjon om dei to musea:

NØKKELINFORMASJON OM INSTITUSJONEN	BERGENS SJØFARTSMUSEUM	MUSEUM VEST
ORGANISASJONSFORM ETABLERINGSÅR	Stiftning 1921	Stifting 2005 som eit konsolidert museum
TILSETTE I ÅRSVERK AVDELINGAR	11,65 årsverk	37 årsverk Norges Fiskerimuseum, Det Hanseatiske Museum og Schøtstuene, Nordsjøfartmuseet, Kystmuseet, Bjørn West- Museet, Herdla Museum, Fjell festning
BESØKSTAL SÆRLEG ANSVARSOMRÅDE	25 000 Forvaltningsansvar for marine kulturminner mellom Sunnhordland og Sunnmøre, Forvalter Norsk Sjøfartshistorisk forskningsfond	174 000 Ansvar for det nasjonale Kyst- og fiskerinettverket
TAL PÅ GJENSTANDAR	6 700	14 200
TAL FOTOGRAFI	40 000	24 100
TAL PÅ BYGNINGAR	1	48

Dei to institusjonane har fleire overlappande forskingstema, med skipsfart og fiskeri som døme. Begge musea har tilsette med doktorgrad. Institusjonane har godt samarbeid med universitets- og høgskulesektoren. Dei har aktive venforeninger. Bergens Sjøfartsmuseum har 550 medlemmer i si forening. Dei skal ha same rolle i ei konsolidering som no. Dei bidreg med dugnad, arrangement og støtter økonomisk. I Museum Vest har særleg Bjørn West-museet ei stor forening. Til saman har Museum Vest over 1000 "vener". Dette skaper eit godt samarbeid med avdelingane og lokal forankring.

Fylkesrådmannen vil peike på at institusjonane til saman står oppført med 1 fagfellevurdert publikasjon i 2015 (Rapport frå Kulturrådet om Det nasjonale museumsnettverket 2015). Med ei konsolidering vil ein ha forventing om fleire fagfellevurderte publikasjonar (artiklar i vitenskaplege tidsskrift). Fagleg løft må innebere styrking av forsking også på kort sikt. Musea er på DigitaltMuseum, det vil seie ein felles digital formidlingskanal for alle musea i landet. Publikum kan søkje i musea sine samlingar og såleis få informasjon om gjenstandsmaterialet. Dette vil også vere eit område der fylkesrådmannen rask vil ha forventing om resultat. Både forsking og tilgjengeleggjering av samlingane har vore del av dei nasjonale og regionale satsingane dei siste åra. Forventing innan desse områda er såleis i tråd med etablert politikk og musea sitt samfunnsoppdrag.

Det er ein føresetnad at Bergens Sjøfartsmuseum har sitt eigarstyre - som eigar av bygg og samlingar. Dette er ei organisering som gjeld alle avdelingar i Museum Vest. Museum Vest tek over heile driftsorganisasjonen (tilsette, økonomiansvar og formalia-ansvar).

Økonomi

Dei to musea har i tråd med tilskotsbrev frå Kulturdepartementet i 2017 «Alle tilskuddsmottakere skal utnytte sitt egeninntektpotensial.») opplevd styrking av eigeninntektpotensial med auke i billettinntekter, sponsorinntekter/gåver, m.m. I 2015 utgjorde eigeninntekter 24 prosent av Museum Vest sine driftsinntekter og 32 prosent av Bergens Sjøfartsmuseum sine driftsinntekter. Nasjonalt gjennomsnitt var 26 prosent.

Bergens Sjøfartsmuseum er i museumssamanheng ein liten institusjon, og har ikkje driftsinntekter som gir gode nok moglegheiter for vekst og utvikling.

Tabellen under viser fordeling av ordinært driftstilskot i 2017 frå Kulturdepartement, fylkeskommune og kommunar, i 1000 kr:

**Ordinært driftstilskot Bergens Sjøfartsmuseum Museum Vest
2017, i 1000 kr.**

Kulturdepartement	2 580	9 510
Fylkeskommune	1 724	4 987
Kommune	1 620	19 388 ¹

Prosentvis fordeling av det statlege og fylkeskommunale/kommunale driftstilskot til dei konsoliderte musea i Norge, viser store forskjellar. For Museum Vest er det statlege bidraget på 34 prosent, for Bergens Sjøfartsmuseum på 43 prosent. Før den nasjonale museumsreforma var ei fordeling 60 prosent stat og 40 prosent fylke/kommune eit utgangspunkt for tildeling. Ei konsolidering mellom Museum Vest og Bergens Sjøfartsmuseum inneber forventing om auke i den statlege tildelinga på 6 mill. kr. Prosessen legg også opp til auke i dei fylkeskommunale løyingane på 2 mill. kr. og frå Bergen kommune 2 mill. kr. Konsolidering gir såleis eit løft for museumsfeltet i Hordaland på fleire område: Økonomisk gjennom auke i offentlege tilskot og fagleg ved at ein no samlar museumsfagleg miljø som har ressursar knytt til kystnære område og havet som tema. Ei slik satsing vil også skape større forventingar frå samfunnet rundt, som til dømes eit meir heilskapleg ansvar for samlingsforvalting, forsking, formidling av kystkulturen sin kulturarv.

«Et hav av omstillingar»

Med konsolidering skal Museum Vest og Bergens Sjøfartsmuseum bli eit tyngdepunkt for kyst og hav i Det nasjonale museumsnettverket. Intensjonsavtalen er i tråd med nasjonal og regional politikk. I Bergen kommune sin ABM-plan 2012-2021 står det mellom anna:

«Bergen sjøfartsmuseum konsolideres med Museum Vest, for å skape et nasjonalt tyngdepunkt for Norges forhold til havet.»

I PREMISS: Kultur – regional kulturplan for Hordaland 2015-2025, er kystkultur eit satsingstema saman med målet om å løfte museumssektoren økonomisk og fagleg.

«Musea skal utviklast som sterke kunnskapssentra og organisasjonar, og vere profilerte samfunnsaktørar som utviklar samfunnet med kunnskap om fortid, samtid og framtid.»

Vestlandet er tyngdepunkt i marine næringar og Universitetet i Bergen Norges største marine universitet. I 2015 presenterte Næringsdepartementet *Masterplan for marin forskning*. Ei viktig oppfølging av denne er *Konseptvalgutredning for lokalisering av de marine institusjonene i Bergen*. Fylkesrådmannen legg vekt på at Museum Vest og Bergens Sjøfartsmuseum vil kunne vere eit bidrag inn i den marine klynge og tilføre viktige perspektiv knytt til næringshistorie og samfunnsomstilling, formidling av forskingsresultat og kulturarv.

I den vidare prosessen mellom institusjonane legg ein opp til at samarbeidsavtalen skal vere klar medio oktober, slik at den vert lagt fram for fylkestinget før jul og i samband med budsjettahandsaming for 2018.

¹ Årsaken til den store økningen av driftstilskudd fra kommunene er todelt. Fra 1.januar 2016 ble MV utvidet med en avdeling, Bjørn West, og det fulgte kommunale midler med. Den andre grunnen er praksis ved fakturering av husleie.